


# Sats på havbruk, men gløym ikkje vill-fisken!

## Odd Nakken vil satse på fleire hestar som ny havforskningsdirektør

1. mai overtok Odd Nakken direktørstolen på Havforskninga. Fiskets Gang avla eit besøk på det gamle kontoret hans i åttande etasje i høgblokka på Nordnes nokre dagar før han tok over stolen etter Gunnar Sætersdal.

– *Då du gjekk av som nestleiar ved instituttet i 1981 sa du at det ikkje gjekk å kombinera nestleiarstillinga med forskning. Det vert vel ikkje lettare i direktørjobben. . .*



Odd Magne Nakken, 49 år. Født på Tjeldstø i Øygarden, og oppvaksen i fiskerimiljø.

– Nei, direktørjobben medfører at eg vert administrator på heiltid. Det er utenkjeleg å kombinera direktørstillingen med eigen forskning. Til det vert dagen for oppstykk.

Sjølvsagt kan det vere mogeleg å få til noko i samarbeid med ein kollega, men at eg sjølv skal greie å få gjort noko forskning medan eg er direktør har eg inga tru på.

– *Korleis ser du på stillinga som direktør ved Havforskninga?*

– Havforskninga er den arbeidsstaden eg kjenner best. Her har eg hatt ein svært god arbeidsplass og eg vil prøva å leggja tilhøva til rette slik at det kan bli ein like god arbeidsplass for andre. Eg ser det som ei av dei fremste oppgåvene.

Ein forutsetning for at det skal vere ein god arbeidsplass er mellom anna at det finns interessante og meningsfulle jobbar. Dei som driv med fag bør ikkje bli belasta med for store bekymringar når det gjeld pengar og tilhøva må leggjast best mogeleg til rette for dei også på andre praktiske område.

Greier vi å leggje tilhøva til rette på denne måten vil folk trivast og dermed gjera ein betre jobb.

– *Mange hevdar i dag at norsk fiskerinæring heng etter på mange område. No må vi henta ekspertise utanfrå, tidlegare var det vi som hadde ekspertisen. Er dette eit rett bilete av situasjonen?*

– Det er ikkje mitt hovudintrykk at vi er akterutseilt på dei hovudområda der instituttet arbeider. Når det derimot gjeld havforskning generelt som omfattar eit mykje vidare område, er det dei store nasjonane med store ressursar som er dei fremste.

Men på de områda der vi har arbeidd mest opp gjennom åra, vil eg hevda at vi ligg bra langt framme. Tar vi til dømes bestandsestimering, enten det no er merkeforsøk eller akustisk måle-metodikk, vil eg tru vi er rimelig dyktige – i alle høve sit eg med det intrykket gjennom det internasjonale arbeidet eg er med i.


Men vi ligg sjølvsagt ikkje så langt framme at vi ikkje kan gjere det betre, det er heilt klart. . .

– *Akustisk mengdemåling har vore ditt spesialfelt, eit felt der utviklinga dei to siste ti åra har gått utruleg fort. Kva ser du på som den viktigaste hendinga på dette området?*

– Eg veit ikkje om eg kan peika på

noko særskilt. Det har vore ei jamn utvikling framover heilt sidan femtitalet då folk her ved instituttet såg mulighetene til å ta i bruk slik teknikk. Så grunnlaget var allereie lagt då eg og dei andre som no arbeider med denne måten å måla fiskebestandar på, kom inn i biletet. Eg kan nemna namn som Vestnes, Midtun, Sætersdal, Dragesund og Steinar Olsen mellom andre.

Ser vi på gjennombrøtet så kan vi vel



Odd Nakken var nestleiar ved Havforskninga frå 1977–1981, og skal no vera direktør der i seks år framover.

kanskje seia at det kom med den nye «G. O. Sars» i syttiåra då dette utstyret verkeleg vart teke i bruk. Men det har nær samanheng med at vi då fekk reguleringar i fisket og dermed trongen for å få kunnskap om kor mykje fisk som fanns i havet i forbindelse med kvotetildelingar.

Utviklinga har gått side om side i næringa og hos oss. Vi har eit svært godt miljø her i landet for utvikling av slik teknologi, og samarbeidet mellom

våre forskarar og industrien på utviklingsområdet har vore framifrå.

Det er ikkje mogeleg å skifta sol og vind mellom forskarar og industri når det gjeld utvikling av teknologien på dette området. Vi har påverka kvarandre gjensidig, til alle sin fordel.

Næringa har også vore rask å ta i bruk nytt utstyr, men det er ein viss skilnad på den typen teknologi vi brukar og den som er i bruk på moderne fiskefartøy. Dei utviklar seg i retning av å bli meir fangsteffektive, vårt utgangspunkt er å få eit betre grunnlag for å berekna og kartleggja fiskebestandane. Det gir skilnad både i utstyr og metodikk.

– *Frå einskilde hald har det vore hevda at de har for dårleg utstyr til å finna fisken. . .*

– Eit menneske som har jobba i dette gamet i fleire tiår vil sjølv sagt seia at vi aldri får godt nok utstyr. Men på det reinte måletekniske området vil eg sei at vi har greidd å halde oss med det beste utstyret som er å få. Vi har sett mykje inn på dette.

Men sjølv sagt er det ting som kan bli betre, og mykje betre. Mellom anna gjeld det å bruka sonarmålingar, det vil sei horisontale målingar, direkte inn i mengdemålinga på samme måte som vi i dag brukar ekkoloddmålingar. Og her er det ei utvikling på gang.

Vi prøver ut forskjellige løysingar her ved instituttet og det er fleire som arbeider med spørsmålet, mellom anna har vi hatt ei hovedfagsoppgåve på temaet.


– *Forholder forskar – fiskar er eit stadig like aktuelt tema. Kva er ditt syn på det?*

– Stort sett er det godt! Det er knapt den forskningsintituisjon i landet som har eit betre tilhøve til næringa den skal tena enn det vi har. Og det medfører også at næringa vaktar på det me gjer, det går jo på lommeboka deira, noko som naturleg vil medføra konfliktar av og til.

Men det er ikkje slik at vi har konfliktar heile tida. Det har skifta. Og det har heller ikkje vore slik at motsetningane heile tida har gått etter grenselinjene mellom forskar og fiskar. Det er forskjellige meiningar mellom fiskarane og.

Tar vi til dømes makrelldiskusjonen for nokre år sidan, var kystfiskarane samde med oss medan ringnotfiskarane meinte noko anna.

Tar vi den aktuelle situasjonen med lodda har vi torskfiskarane med oss, medan i alle fall einskilde av dei som



«Den gamle og so den nye tid». Gunnar Sætersdal skal arbeida med NORAD spørsmål no når Odd Nakken overtek direktørstolen på Havforskinga, og begge ser dei store utfordringar i sine nye jobbar.

skal leve av loddefisket er mot oss. Så her er store nyansar i tilhøvet fiskar – forskar.

Men ser vi på den relativt korte tida næringa fekk til å omstille seg frå eit tilnærma fritt fiske til å bli ei gjennomregulert næring, synest eg at det har gått svært bra.

Vi på instituttet er opptekne av å ha eit godt tilhøve til fiskaran og den beste kanalen vi har til kontakt er fiskarlagsmøter. Difor vil vi gjerne kome ut og halde foredrag og snakke med fiskarar, det er vel brukt tid for oss. Eg har mykje meir tru på det enn å skrive rapporter som du berre kan håpe på at folk les.

– *Korleis er tilhøvet andre vegen, mellom dykk som forskarar og byråkratiet og politikarane som tek beslutningar?*

– Eg synest det stort sett fungerer bra. Det vert som oftast teke omsyn til dei tilrådingane vi kjem med gjennom ICES i kvoteavtalar og når reguleringar skal setjast i verk.

ICES systemet er forresten svært fint oppbygt. Her kan forskarar møtast og – på tvers både av landegrensar og økonomiske interesser – kome med faglig baserte vurderingar av tilstanden i dei ulike bestandar og korleis desse bestandane kan beskattast.

– *Fleirbestandsmodellar er i fokus. . .*

– Ja, ønskjemålet til alle som steller med fiskeri – og spesielt for forskarane – er å gi tilrådingar som så går langt fram i tida og er så presise som mogeleg for kor mykje vi kan ta ut av dei ulike bestandane i eit havområde samtidig som desse bestandane held eit innbyrdes forhold slik at dei produ-

serer mest mogleg. Det er det som er siktemålet for heile vår aktivitet.

Fram til no har det vore vanskeleg fordi vi mellom anna har hatt for dårlege data, vi mangla teoretisk kunnskap og vi har også hatt for dårlege bearbeidingsystem. Det er her snakk om datamengder som ein treng store maskiner for å ta hand om. Men det er gjort ein del teoretiske arbeid som viser korleis ein skal foreta slike beregningar.

Men dersom vi har båtkapasitet, og med det meiner ikkje berre talet på båtar men og kva fartøyet er i stand til å gjera, samtidig med at vi har utstyr som gjer oss i stand til å behandla dei datamengdene det her er snakk om, er det naturleg og naudsynt at vi formulerer forskingsprosjekt som går i den retninga.

Slike modellar går først og fremst ut på å gi innsikt i korleis bestandane i eit havområde samverkar og bruka den innsikten til å gi betre og meir presise tilrådingar enn det vi har vore i stand til å gjera fram til no. Eg er overtydd om at det vil gi oss mulighet til betre utnytting av dei ressursane vi har i havet. Men framgang på dette området er heilt avhengig av at vi får tilført personell.

– *Kva muligheter ser du i havbruket?*

– Med havbruk meiner eg både kulturbetinga fiske og intensivt oppdrett. Og utviklinga innan lakseoppdrett har vist oss at det har vore muleg, i løpet av få år, å etablere ei stor og livskraftig næring. Vi har og hatt gjennombrøt når det gjeld å produsera marine artar i stort tal, men eg trur ikkje vi er heilt ferdig med forskinga på produksjonsmåten. Det er enno mange ting som må klarleggjast når det gjeld produksjonsmåten for marine fiskeartar.

Mi meining er at vi må satse på å få etablert eit intensivt oppdrett på marine artar og.


Når det gjeld kulturbetinga fiske er eg ikkje overtydd om den næringsmessige betydninga i første omgang. Eg trur vi må vinna ein god del større innsikt før vi kan avklara dei næringsmessige gevinstane ved eit slikt fiske.

Vi ved Havforskningsinstituttet hevdar stadig at det største problemet norsk fiskerinæring har er at vi fiskar fisken på eit for tidleg stadium. Når vi veit at situasjonen er slik, veit vi samstundes at det same vil skje med den fisken som vert sett ut. Og etter mi meining er det her ei rekke ting som bør avklarast i tilknytning til kulturbetinga fiske.

– *Du meiner altså at vi framleis ikkje har løyst problemet som Dannevig skisserte for meir enn 100 år sidan. . .*

– Nei, etter mi meining er det ikkje løyst. At vi greidde å masseprodusere torskeyngel var jo eit gjennombrøt, men det er berre eit av dei problema vi treng å få innsikt i før vi kan sei at kulturbetinga fiske vil ha ein stor næringsmessig betydning. Men det er vel verdt å satse på å finna fram til løysingar.

– *Har de ved Havforskningsinstituttet merka noko til trenden med at statleg tilsette forskarar vel å gå over i det private?*



**Odd Nakken er fysisk oseanograf, cand.-real. frå 1967. Han vart utnemnd til professor II i fiskeribiologi hausten 1984.**

– For eit par år sidan mista vi eit par gode forskarar til oljeindustrien, men utover det har vi ikkje hatt særleg store problem. Men forskarar som har arbeidd med bestandsberegningar – og dermed har fått stor røynsle med EDB – vil nok vere interessante for det private næringsliv. Generelt vil eg seie at eg er bekymra for at rollen som lærar/akademikar nok har fått ein lågare status og ikkje er like verdsett som før.

Utan å føra forsvar for lærarane, vil eg hevda at dersom vi ønskjer eit samfunn i framgang, må barn og ungdom bli flinkare enn vi er. Dei må få meir kunnskap på alle område og difor må dei som skal læra opp borna vere dei beste vi har.

– *Kor ligg framtida for norsk fiskeriforskning?*

– Nett no er vi inne i ein periode der den generelle oppfatninga er at ein bør satse på havbruk, og det er eg samd i.

Men vi må ikkje gløyma at vi har store beitemarkar rundt om Noreg, faktisk av dei viktigaste beitemarkene for fisk som finns. Og det kan enno gjerast mykje for å utnytta dei ville bestandane som finns der best mogleg.

– *Då du gjekk av som nestleiar i 1981 framheva du drifta av fartøy som spesielt interessant arbeidsområde. Er du nøgd med fartøysituasjonen i dag?*

– Forskningsfartøya er det viktigaste arbeidsredskapet vi har ved Havforskningsinstituttet. Der ingen andre verkøy som på langt nær gir oss slik informasjon om tilstanden i havet som fartøya våre gjer. Og eit så viktig verkøy må vi halda kvasst!

Når det gjeld fartøya sin kapasitet, er det sjølsagt alltid ting vi kunne ønskt oss betre. Men stort sett må eg sei vi har brukbar kapasitet.

Vi vil alltid ha trøng for å leige fiskefartøy til merke- og gjenfangstforskning, og med den kapasiteten i tillegg til våre eigne fartøy dekkar vi behovet for driftsdøgn.

Det vi imidlertid gjerne skulle hatt er eit spesialbygd forskningsfartøy med den kapasitet eit forskningsfartøy i dag kan gjerast. Særleg ville dette ha auka effektiviteten vår når det gjeld arbeider med fleirbestandsmodellar.

Seier den nye direktøren på Havforskningsinstituttet.

**F.G. Kari Østervold Toft**

**sonar**

**BEDRE ØKONOMI, KJØP:**

 **SIMRAD**